

Innstillinga frå festivalutvalet

Søknadene viser at det er eit blomstrande festivalliv i Norge, med store variasjonar. Søknadene dekkjer alt frå breie, nasjonale festivalar til lokale og spesialiserte tiltak for ei bestemt målgruppe eller ein sjanger.

Med dei eksisterande rammene må vi prioritere, og vi har lagt til grunn at vi både ønskjer ei kvalitativ utvikling av festivalane, og å sikre geografisk spreing av filmkulturen. I framlegget til tildelingar har utvalet ønskt å premiere både kunstnarleg ambisjon og evna til å tiltrekke seg eit betalande publikum. I tillegg har vi gjort justeringar mellom enkelte av festivalane, slik at samanliknbare festivalar vil få økonomiske tilskot på tilsvarande nivå. Utvalet har ønskt å gi dei største festivalane meir opne rammar, så dei sjølve kan prioritere ulike tiltak innanfor ramma.

Utvalet meiner det er behov for konsolidering av fleire festivalar. Særleg gjeld dette i Oslo, der det er svært mange interesserte aktørar i same marknaden. Det er lite hensiktsmessig at ein etablerer fleire festivaladministrasjonar i same by. Dei bør heller sjå til Danmark og søkje saman for å bli sterkare. Så vil det vere rom for å etablere ulike programprofilar under same paraply, og eventuelt til ulik tid. Initiativtakarane må søkje saman og trekkje på den samla kompetansen, også frå dei som har vore aktive lenge. Etter vårt syn vil både den kunstnarleg profilen og tilbodet til publikum bli betre av dette. På same vis ser vi det som ønskeleg at dokumentarfeltet også søkjer samarbeid for å utvikle kompetansen vidare.

Dersom Norge skal etablere ein festival som hevdar seg i den nordeuropeiske marknaden, må nokon ta førartrøya i ein annan grad enn vi ser i dag. Fleire festivalar har potensial til å ta denne posisjonen, og utvalet utfordrar dei til sterkare konkurranse og bevisst utvikling for å nå dette målet.

For festivalutvalet,

Nina Refseth